

HORDALAND FYLKESKOMMUNE v/ Kommunesamarbeid
Postboks 7900
5020 BERGEN

Hordaland fylkeskommune

05 SEPT 2016

Telefon
+47 56 57 00 70
Fax
+47 56 57 00 71
E-postadresse
post@abo-ark.no
Webadresse
www.abo-ark.no
Postadresse
Postboks 291, 5203 Os
Besøksadresse
Hamnevegen 53, 5200 Os

Os, den 01.09.2016

MASFJORDEN KOMMUNE VARSEL OM UTVIDING AV PLANOMRÅDET FOR REGULERINGSPLAN FOR BRU OVER MASFJORDEN

Det vert vist til tidlegare kunngjering om offentlig ettersyn av forslag til planprogram og varsel om oppstart av planarbeid for bru over Masfjorden mellom Duesund og Masfjordnes. Dette vart kunngjort med brev til grunneigarar og offentlege etatar 17.10.2014 og 17.03.2015.

Med bakgrunn i utarbeiding av forprosjekt for ulike typar bruer er det naudsynt å utvide planområdet for å ta høgder for alle brutypar. Dette vert og gjort for å få vurdert Gamle Duesundet som seglingslei. Råka grunneigarar og offentlege etatar vert med dette varsla jf. plan- og bygningslova §§12-8.

Masfjorden kommune er tiltakshavar for planarbeidet. ABO Plan & Arkitektur AS er utførande plankonsulent.

Planprogram er ihht. plan- og bygningslova §§ 4-1 fastsett av kommunestyret i Masfjorden 10.02.2015 i sak. 022/2015 og er tilgjengeleg på <http://www.geoweb.no/braplan/> under plannr. 126620140002.

Det utvida planområdet er i kommuneplanens arealdel sett av til hovudveg, område for fritidsbustader, landbruks-, natur og friluftsføremål, samt bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Utvidinga av planområdet utgjør ca 137 daa og er vist på vedlegg.

For nærare informasjon kan spørsmål rettast til ABO Plan & Arkitektur AS:
v/ Ola Klyve Dalland.

E-post: ola@abo-ark.no

Tlf: 90021198

eller sjå: www.abo-ark.no - Sjå under meny: Nabovarsler – Reg.planer/Høringar

Uttalar og innspel til utviding av planområdet kan sendast skriftleg til:

ABO Plan & Arkitektur AS

Postboks 291

5203 Os

Tlf: 56570070

E-post: offentlig.ettersyn@abo-ark.no

Det er ikkje naudsynt å sende kopi av uttalar til Masfjorden kommune - dette vil ABO Plan & Arkitektur AS ivareta i samband med innsending av planforslaget.

Frist for uttale er sett til 30.09.2014.

Vidare arbeid

Når reguleringsplanen med konsekvensutgreiing er ferdig utarbeidd vil planforslaget bli 1. gangs handsama i Masfjorden kommune og lagt ut til offentlig ettersyn. Det vil då vere mogleg å kome med innspel og uttalar til det utarbeidde planforslaget før vidare politisk handsaming.

Med helsing
ABO Plan & Arkitektur AS

Ola Klyve Dalland

Vedlegg:

1. Oversiktskart.
2. Utsnitt 1.
3. Utsnitt 2.